



Arkivnr: 2014/16081-19

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		6.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

**Støtte til Danish Air Transport A/S****Samandrag**

Sunnhordland Lufthavn AS har i brev frå 4.5.2016 bedt Stord kommune og Hordaland fylkeskommune om å vurderer å gje støtte til flyruta Stord – Oslo – Stord (Stordflyet), Danish Air Transport A/S (DAT), på 1 mill.kr. i 2016. Stord kommune støttar DAT med 79% av dette beløpet, og føreset at Hordaland fylkeskommune støttar DAT med 21% av beløpet (tilsvarende eigarandelar i lufthamna).

Stord lufthamn er svært viktig, særleg for næringslivet i Sunnhordland. Det er eit mål for fylkeskommunen at Stord Lufthamn må verta ein del av Avinor sitt regionale lufthamnett. Inntil Avinor har overteke eigarskapet til Stord lufthamn, vil fylkeskommunen medverka til å oppretthalda drifta av flyplassen. Fylkesrådmannen meiner dette mellom anna kan skje ved å gje økonomisk støtte til flyplassen og/eller til flyselskap som har flygingar til/frå flyplassen.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev kr. 210 000 i ei eingongsstøtte til Danish Air Transport AS. Løyvinga vert finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsloøyvingskonto.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr. 210 000 til Danish Air Transport AS til drift av Stordflyet.  
Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott	aukar med kr. 210 000
Konto 10 720 200 00 14700	Til rådevelde for fylkesutvalet	går ned med kr. 210 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Søknad om økonomisk støtte til Danish Air Transport A/S
- 2 Vurdering av om Stord kommune kan gje bagatellmessig støtte til DAT
- 3 Svar - Søknad om bagatellmessig støtte


**Fylkesrådmannen, 05.07.2016**

### Bakgrunn

Sunnhordland Lufthavn AS har i brev frå 4.5.2016 bedt Stord kommune og Hordaland fylkeskommune om å vurdera å gje støtte til flyruta Stord – Oslo – Stord, ved å gje støtte til Danish Air Transport A/S (DAT) (sjå vedlegg 1).

### Kort om Stord lufthamn

Stord lufthamn vert drive av selskapet Sunnhordland Lufthavn AS, som er eigd med 79% av Stord kommune og 21% av Hordaland fylkeskommune. DAT har 12 rundturar til Oslo per veke for eigen økonomisk risiko («Stordflyet»). Widerøe flyr charter for Kværner Stord til Molde med 6 rundturar til Molde per veke.



Passasjertalet på Osloruta er mykje lågare i 2016 enn i 2015, noko som skuldast lågare aktivitet i offshoreindustrien på Stord. Stord Lufthavn AS forventar trafikkauke på Osloruta i 2017 og i 2018 grunna fleire offshoreoppdrag i lokal industri.

Sunnhordland Lufthavn AS mottok i perioden 2016 – 2020 eit årleg tilskott frå staten på 19,7 mill.kr. til drifta av lufthamna og tårntenesta. Dette beløpet kan ikkje nyttast til kjøp av flytenester. Lufthamna har ikkje motteke støtte frå eigarane i 2015 eller 2016. Ein føresetnad for at lufthamnselskapet skal motta statsstøtte, er at ein har faste flyruter på lufthamna.

### Søknadsbeløp

Stord Lufthavn AS ber om at Stord kommune og Hordaland fylkeskommune vurderer å støtta DAT med tilsaman 1 mill.kr. i 2016

### Regelverket om offentlig støtte

EØS-avtalen artikkel 61 om offentlig støtte fastslår at:

*«Støtte gitt av statsmidler i enhver form, som vrir eller truer med å vri konkurransen ved å begunstige enkelte foretak eller produksjon av enkelte varer, er uforenlig med EØS-avtalen i den utstrekning støtten påvirker samhandelen mellom avtalepartene.»*

EU-kommisjonen har vedteke at forbodet mot offentlig støtte ikkje gjeld støttebeløp opp til 200 000 euro fordelt over tre rekneskapsår. Slik støtte vert sett på som bagatellmessig støtte (de minimis aid)<sup>1</sup>. Stord kommune har (sjå vedlegg 2) fått stadfesta frå DAT at selskapet ikkje har motteke noko form for støtte dei seinaste 3 åra. Støtta må også vera transparent, noko som her vil vera oppfylt om støtta vert gjeve som eit direkte tilskott på grunnlag av politiske vedtak.

### Vedtak i Stord kommune

Stord kommunestyre tok saka opp til vurdering i kommunestyremøte 26.05.16., (PS 31/16) - og gjorde følgjande vedtak:

«1. Kommunestyret vedtek ekstraordinær budsjettrevisjon med budsjettendringar slik det går fram av saksutgreiinga.

2. Stord kommunestyre løyver eit tilskott på kr 395 000 til flyoperatøren Danish AirTransport AS til drift av flyruta Oslo-Stord. Løyvinga utgjer 79 prosent av omsøkt sum kr 500 000. Kommunestyret legg til grunn at Hordaland fylkeskommune løyver ein sum tilsvarande sin aksjedel i selskapet (21 prosent).

Løyvinga skal finansierast med ein tilsvarande reduksjon i den avsette lønsreserven. Kommunestyret er innstilt på å følgja opp med ei tilsvarande løyving i november inneverande år.»

### Fylkesrådmannen si vurdering

«Stord lufthamn er svært viktig, særleg for næringslivet i Sunnhordland», står det i NTP- uttalen frå fylkestinget frå 14.6.2016 . I Regional transportplan 2013 – 2014 og i NTP uttalen er det eit mål at Stord Lufthamn må verta ein del av Avinor sitt regionale lufthamnett. Inntil Avinor har overteke eigarskapet til Stord lufthamn, vil fylkeskommunen medverka til å oppretthalda drifta av flyplassen. Fylkesrådmannen meiner dette mellom anna kan skje ved å gje økonomisk støtte til flyplassen og/eller til flyselskap som har flygingar til/frå flyplassen.

Å gje eit generelt driftstilskott til DAT stør ikkje opp om strategien i Handlingsprogram 2016 for Klimaplan for Hordaland 2014-2030, som seier at innan 2020 skal minst 20 % av persontransport ut av fylket austover og sørover over frå fly til buss og bane. Fylkesrådmannen vil likevel peika på at det klart største potensialet for overflytting frå fly til bane/buss er for lufftransport over Bergen lufthamn, Flesland. Tal seteplassar mellom Oslo Gardemoen og Bergen er omlag 52 gongar høgare enn mellom Stord og Oslo Gardemoen. Tal seteplassar mellom Haugesund og Oslo Gardemoen er omlag 15 gongar høgare enn mellom Stord og Oslo Gardemoen.

1. kvartal 2016, Kjelde ; SSB Tabell: 08512			
Avgangar	Stord	Bergen	Haugesund
Oslo Gardemoen		269	3 844
Seter	Stord	Bergen	Haugesund
Oslo Gardemoen	12 486	649 149	191 391

Stord kommunestyre har føresett at eigarane av Stord Lufthavn AS stør DAT i høve til eigardel i lufthamna. Kommunestyret i Stord har gjort vedtak om å løyva 395 000 kr. og er innstilt på å løyva nye 395 000 kr. i november. Det er då føresett at Hordaland fylkeskommune løyver tilsaman kr. 210 000 Fylkesrådmannen vektlegg strategien om å oppretthalda drifta på lufthamna, og rår til at fylkesutvalet gjev kr. 210 000 i ei eingongsstøtte til Danish Air Transport AS. Løyvinga vert finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

<sup>1</sup> Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/bagatellmessig-stotte/id2412660/>